



Hordaland Fylkeskommune

Sekretariatet for Kontrollutvalet
Postboks 7900

5020 Bergen

Bergen, 29. september 2017

Dykkar ref.: 2016/9439-14

Vår ref.: PWL/am

Cc/teatersjef Solrun Toft Iversen

Ad: Partsbrev- Selskapskontroll av Hordaland Teater – Revisjonsrapport

Vi viser til revisjonsrapport, vedtak i Fylkestinget og brev av 27.06.2017 og møte med sekretariatet mandag 25.09.2017.

Som punkt 5 i partsbrev les vi følgende: *Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Under har vi lagt ein handlingsplan som vi ønsker å følgje – basert på innhaldet i partsbrevet. Partsbrev og handlingsplan er handsama i teateret sitt styre.

Aksjonspunkt og handlingsplan HOT

1.

Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.

Styrande dokument som er aktuelle,

- Vedtekter
- Styreinstruks
- Stillingsinstruksar
- Organisasjonskart

Tiltak	Ansvarleg	Frist
Gjennomgang av dokumenta for å sikre at dei er eintydige	Administrasjonen	1. desember 2017
Kome med forslag for endring	Administrasjonen -> Styrevedtak	1. desember -> vedtak styremøte 12. desember 2017

2.

Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.

Tiltak	Ansvarleg	Frist
Gjennomføre styreevaluering	Styret	12. desember

3.

Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.

Her har det no vore ei lita tilpassing, «..tilpassa føremålet for verksemda». Dei viktigaste risiki som er identifisert er,

- kunstnarleg risiko
- økonomisk risiko *)
- personellmessig risiko *)
- politisk risiko
- Helse, Miljø og Tryggleik *)
-

Punkta med stjerne er der ein etter vår meining treng å utvikle/revidere dokument for risikostyring.

Tiltak	Ansvarleg	Frist
Skrive eit risikodokument, Gjennomføre ei heilskapleg risikovurdering	Administrasjonen	Innan styremøte i februar
Utvikle/gjennomgå rutinar der det er naudsynt *)	Administrasjonen	Per mai 2018 (skuldast at januar til 1. mars er årsrekneskaps- og søknadsmånadar

4.

Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:

- økonomi



- *offentlege anskaffingar*
- *personalområde*
- *handsaming av avvik*

Tiltak	Ansvarleg	Frist
Sjå over		

Vi meiner med dette at vi har gjennomført del 1 av det oppdraget vi har fått frå Kontrollutvalet/Fylkestinget. Vi vi oversende ein rapport med dokumentasjon når handlingsplanen er gjennomført i sin heilheit.

Beste helsing
Hordaland Teater LL


Pål W. Lorentzen
Styreleiar


Atle Marøen
Direktør